



Alternativ for vintertrening Syril fotball

SYRIL FOTBALL 2020

Samandrag

Syril fotball har høg aktivitet og mange lag men har utfordringar med gode og føreseielege treningstilhøve på vinterstid. For å gjere Syril meir attraktiv og konkurransedyktig for å både behalda og sikre tilgang av nye spelarar til klubben vart det våren 2020 sett ned ei arbeidsgruppe med eit mål om å:

- Utreie dei økonomiske og sportslege konsekvensane ved vinterdrift av Syril stadion
- Foreslå alternativ for føreseielege og utviklande treningstilhøve, spesielt for gute-/jente-/seniorlaga til Syril

Arbeidsgruppa har bestått av Nils Magne Slinde, Svein Jarle Skårhaug, Erlend Husabø og Runa Aaland Eggum.

Vinterdrifta kunstgrasbaner vil få redusert levetid samanlikna med baner som ikkje blir vinterdrifta på grunn av brukstid og dei mekaniske påkjenningane som graset blir utsett for ved brøyting og slådding. Erfaringar frå naboklubbar er at levetida i mindre grad blir påverka av brøyting på vinteren, men i større grad av gummigranulat som forsvinn og som gjer at grasfibrane knekk. Vinterdrift krev mannskap med erfaring og opplæring. Erfaring av levetid er ei forkorting på to år, frå 15 til 13 år.

Arbeidsgruppa har vurdert delvis vinterdrift og leige av Storhallen og Kvåle stadion som alternativ. Vinterdrift av bana vil venteleg føra til ei auke i driftskostnader på om lag 60 000 kr. Samanlikna med leigekostnadar rundt om lag 30 000 kr er dette eit langt dyrare alternativ.

Ei delvis vinterdrifta bane vil gje eit føreseieleg tilbod med gode treningstilhøve som vil koma mange medlemmar til nytte. Det er knytt ein viss risiko til å få skadar og forringe levetida til bana ved å vinterdrifte den og bruke utstyr som ikkje er anbefalt i driftsinstruksen frå Desso. På ei annan side kan det no vere ei moglegheit for å gjere seg opp erfaringar frå vinterdrift som ein kan ta med seg vidare til etablering av nytt kunstgras i framtida. Investeringskostnaden er vurdert til om lag 300 000 for innkjøp av brukt traktor og naudsynt utstyr. For å forhindre at utstyr og anlegg får unødvendig slitasje og skadar må mannskap ha tilstrekkeleg kompetanse. Slitasjen på frivillige kan bli stor og det må avklarast om dette er realistisk å få gjennomført over eit lengre tidsperspektiv før eventuelle investeringar vert gjennomførte.

Dersom det ikkje er økonomisk handlingsrom og det ikkje er ressursar i klubben til gå for ei løysing med vinterdrift er det anbefalt å inngå leigeavtale med Sogndal fotball. Sjølv om det vil vise seg at det vert gode treningstilhøve på Syril stadion i aktuell periode er det vurdert til at det sportsleg og på lengre sikt er ynskjeleg med ei føreseieleg løysing.

Det bør vidare sjåast på om eksisterande drift kan utvidast for å sikre lengre sesong i dei periodane som vêrtilhøva tillèt dette.

Innhald

1.	Innleiing.....	3
2.	Vinterdrift.....	3
2.1	Snøopplagring	3
2.2	Salt/Kjemikaliar	5
2.3	Drift.....	5
2.3.1	Heilårsdrift.....	5
2.3.2	Delvis heilårsdrift.....	6
2.4	Sportsleg	7
2.5	Levetid	7
2.6	Økonomi	8
2.6.1	Utstyr	8
2.6.2	Kostnad delvis vinterdrift.....	8
3.	Leige av andre baner	10
3.1	Sportsleg	10
3.2	Økonomi	10
4.	Vurdering.....	11
4.1	Kostnad	11
4.2	Mannskap.....	11
4.3	Sportsleg	12
4.4	Oppsummering og konklusjon	12
5.	Vidare arbeid	13

1. Innleiing

Syril fotball har stor aktivitet med medlemmar i alle aldrar. I inneverande år har Syril 11-lag for både senior kvinner og menn. Aktivitet på seniornivå er viktig både for lokalsamfunnet og for utviklingsarbeidet vidare nedover i aldersklassane. Ei kjent utfordring for Syril fotball er mangel på ein stor og stabil spelarstall på seniornivå som kan bøte på den avgangen ein får ved flytting for utdanning og jobb og byte av spelarklubb til naboklubbar. Gode og føreseielege treningstilhøve, også vinterstid, kan vere eit tiltak på vegen for å gjere Syril meir attraktiv og konkurransedyktig for å både behalda og sikre tilgang av nye spelarar til klubben.

Ved årsmøtet i Syril fotball februar 2020 vart treningstilhøve på vinteren, spesielt for seniorspelarar, spelt inn som sak. I ettertid vart det etablert ei arbeidsgruppe som skulle greie ut problemstillinga. Dette notatet er eit beslutningsgrunnlag til Syril fotball utarbeida av arbeidsgruppa. Vinterdrift av kunstgrasbana på Syril stadion var vurdert ved etablering av kunstgrasbana i 2012 men vart ikkje prioritert vidare då. Arbeidsgruppa har nytta vurderingane som vart utarbeida i 2011 samt vore i dialog med naboklubbar for å få deira erfaringar frå vinterdrift.

Kunstgrasbana på Syril stadion vart overlevert frå Desso i juni 2012. Funksjonsgarantien til kunstgrasbana var fem år og gjekk ut 2017. Levetida til bana er i følge FVD-instruksen over 10 år ved ein bruk på 1200 timar pr år. Ved godt vedlikehald kan levetida forlengast. Forventa levetid for kunstgrasbana til Syril er sett til 2027.

Mål med arbeidet er to-delt:

- Utreie dei økonomiske og sportslege konsekvensane ved vinterdrift av Syril stadion
- Foreslå alternativ for føreseielege og utviklande treningstilhøve, spesielt for gute-/jente-/seniorlaga til Syril

2. Vinterdrift

2.1 Snøopplagring

Gummigranulat på avvege vil vere ei større utfordring på vinterdrifta baner enn baner som ikkje blir drifta på vinteren. Dette skuldast både at snø med gummigranulat blir plassert utanfor bana og fordi det blir nytta større mengder gummigranulat ved vinterdrift. Ved snøflytting og snøopplagring må det sørgast for at gummigranulat ikkje kjem på avvege i terreng.

I tråd med miljødirektoratet sine fokuspunkt så må snøen lagrast på eigna plass med fast dekke og/eller fiberduk og dersom det skal nyttast snøfres så må ein sjå til at snøen hamnar på eigna plassar og ikkje utanfor anlegget.

Det blir foreslått fire aktuelle områder for snøopplagring, også illustrert i figur under:

- Alternativ 1: Område kortsida mot barneskule og langsida mot friidrettsstadion
- Alternativ 2: Del av kunstgrasbane, alternativet kan også vere å brøyte eit område i midten av bana og lagre snø på alle sidekantane
- Alternativ 3: Asfaltert område mellom kiosk og tribunebygg
- Alternativ 4: Område på friidrettsstadion

Sidan det ikkje er opphøgingar/kantar mot lågareliggande terreng i sør-austlege del av bana må snø lagrast der det er naturlege barrierar og avrenning mot bana for å forhindre at granulat kjem på avvege i omkringliggande terreng.



Figur 1 Alternativ plassering snøopplagring

Tabell 1 Fordeler og ulemper alternativ snøopplagring

Alternativ	Fordelar	Ulemper
1	Kort transportveg	- Lang smeltetid pga skugge - Må nyttast fiberduk
2	- Stort areal - Kort transportveg - Middels gode smeltetilhøve	Alternativet legg opp til mindre banekapasitet og må avvogast mot sportsleg tilhøve
3	- Gode smeltetilhøve - Kort transportveg	- Barriere tilkomst til Holerunane - Kan potensielt bli arealknappheit ved snørike vintrar/lengre smeltetid
4	- Stort areal - Gode smeltetilhøve	- Mogleg slitasje på friidrettsanlegg/kunstgrasbaner - Lengre transportveg for granulat etter smelting

2.2 Salt/Kjemikalier

Frost og is kan vere ei stor utfordring og bruk av kjemikalier som salt eller acetat kan vere eit alternativ for å hindre dette. Kjemikaliene bør påførast kunstgraset umiddelbart **før** snøfall, og hindrar at snø frys fast til kunstgraset og at det vert danna is. Acetat finnast både som granulat i sekker og i flytande form. Flytande acetatar sprøytast på bana med ei åkersprøyte. Flytande acetat vil normal verka hurtigast medan granulat har større langtidseffekt. Det finnast svanemerka acetatar. Nokre alternative acetat er CMA og NAAC. CMA er miljøvenleg og biologisk nedbryteleg stoff som hindrar is og snø i å fryse fast til underlaget. CMA minkar også faren vassdanningar som frys på nytt som ein kan oppleve med salt. Snø som blir påverka av CMA blir lettare og tørrare. NAAC har tilsvarande verknad som CMA og arbeider ned til – 13 °C. Anbefalt mengd er 100 g/m² på første strøing, 50 -100 g/m² for etterstrøing.

Salt har erfaringsvis god effekt på baner ved temperatur mellom 0 til -5 °C. Ved temperaturar lågare enn – 5 °C vil ordinært salt ha dårlegare verknad. Det finnast salttypar som verkar godt under lågare temperaturar også, men desse typane er vesentleg dyrare enn ordinært «vegsalt». Salt har også andre uheldige verknader som ein bør vere klar over og bruk bør difor avgrensast. Dette kan vere verknader som korrosjon på utstyr, skadar på klede og at salt kan krystalliseras under bana og tette dreneringa. FDV-instruksen til Desso anbefalar heller ikkje bruk av salt. Det er likevel vurdert at dette vil vere mindre aktuelt for kunstgrasbana til Syril då dreneringa er vurdert som god og at eventuelt krystallisert salt vil bli fortynna ved regn.

2.3 Drift

FDV-instruksen til Syril stadion regulerer driftsinnsatsen. Kort oppsummering av instruksen krev følgande vekentlege innsats:

- Bana bør normalt sloddast annankvar veke
- Gummimatte som røyser grasfibrane bør brukast
- Fjerning av tape, papir, tyggis og anna boss
- Ettersyn skøyter og linjer, skal utbetrast snarleg ved sprekk eller opne skøyter

Vidare skal det etterfyllast gummigranulat for å sikre 20 mm fri stråhøgde. Kontroll av stråhøgde må gjerast jamleg og det må spesielt sjåast på ved keeperfelt og andre områder som blir hyppigast brukt. Løysing av gummigranulat må også utførast jamleg for å hindre at gummigranulat pakkar seg.

Reinsing av bana må minimum gjerast ein gong pr. år.

2.3.1 Heilårsdrift

Norges Fotballforbund og Kulturdepartementet har utgjeve Kunstgresshåndboka (Kulturdepartementet, 2015) som er ein rettleiar for innføring i bygging, drift, vedlikehald og rehabilitering av kunstgrasbaner. Rettleiaren sine kapittel 13.3 og 13.4 gjev ei oversikt over korleis vinterdrift på kunstgrasbaner med og utan undervarme bør gjennomførast. Det er utarbeida ei oversikt over driftsinnsats og utstyr ved ulike vêrtilhøve basert på anbefalingar i rettleiaren i tabellen under.

Tabell 2 Driftsinnsats ved ulike vêrtilhøve basert på Kunstgresshåndboka

Vêrtilhøve	Utstyr	Driftsopplegg	Estimert tidsbruk
Før snøfall	Åkersprøyte	Påføring av kjemikaliar for å forhindre is og	1 t
Tung og våt snø i store mengder	Fres	snø må oftast "takast igjen" fleire gonger for å få den ut av bana. Snøen vil pakke seg og bana må delast i mindre felt. Arbeidet må startast ytterst slik at ein ikkje får dobbelt opp når snøen blir teken andre gong.	4-5 t
Mindre snømengder, både tørr og våt snø < 5 cm	Skjær med gummiforing i underkant	Brøyta på tvers av bana. Med eit skjær på 4 – 5 m breidd er estimert arbeidstid ein time inkl. slådding. Ved våt snø, må banen delast opp i mindre felt. Ved bruk av skjær må ein forhindre at ei stor snømengde blir skyvd føre traktoren. Dette kan resultere i forskyving av graset.	1 t
Vêromslag frå mildt fuktig vêr til kaldt vêr	Slådd, åkersprøyte	Slådding og evt tilføring av salt/kjemikaliar dersom islaget er tjukt	1,5 t

Snø blir ved denne metoden lagrast ved alternativ 1 eller 2. Ved snøopplagring på bane vil ikkje heile bana vere tilgjengeleg sidan ein del ikkje blir vinterdrifta og vil bli brukt som snøopplager. Å halde ei bane open heile vinteren vil vere svært krevjande å klare ved dugnadsinnsats.

2.3.2 Delvis heilårsdrift

Basert på erfaringar frå omkringliggende klubbar er ei delvis vinterdrifta bane vurdert som det mest aktuelle alternativet ved vinterdrifta baner. Ved mindre snøfall kan det brukast ressursar på å halda bana open ved bruk av lett traktor med gummiskjær og/eller slådding, men at det ved tyngre snøfall aksepterast at bana blir vinterstengt i ein gjeven periode på vinteren. Ved opningsdato vert det nytta tyngre traktor med flate industridekk og frontlastar som ryddar bana for snø og transporterer den til gjeven stad for snøopplagring.

Tabell 3 Driftsprosedyre heilårsdrift

Driftsprosedyre delvis heilårsdrift		Estimert tidsbruk
Vinteropning	- Snørydding med frontlastar, innleige. - Snørydding med liten traktor med gummiskjær - Salting med gyllespreiar eller sandstrøar - Utlekking av gummigranulat	1 dag 1 time 0,5 time 0,5 time
Snøkast etter opning	- Brøyte med liten traktor med gummiskjær, må utførast seinast nokre timar etter snøfall (ved store mengder snø endå tidlegare). Snø lagrast ved banekant, alternativ 1. Andre alternativ krev traktor med frontlastar. Slådding. - Ved venta frost må det saltast.	2 timar 0,5 time
Snøopplager	- Gummigranulat strøast over snøopplager for å forbetre smeltetilhøva. Om gummigranulatlaget blir for tjukt vil dette forhindre smelting. - Gummigranulat flyttast over til oppsamling og vidare reinsing og gjenbruk ved hjelp av lauvblåsar etter vinter	0,5 dag

2.4 Sportsleg

Når lufttemperaturen kjem under -10 °C kan enkelte vinterdrifta baner opplevast som harde utan tilføring av undervarme. Det er av gruppa si erfaring at dette vil vere ei mindre aktuell problemstilling for kunstgrasbana til Syril på grunn av oppbygninga av anlegget.

Ei vinterdrifta bane vil gjere at Syril vil kunne tilby ein føreseieleg treningskvardag ved sesongoppstart. Dette kan gjere Syril meir attraktiv samanlikna med naboklubbar som har gode treningstilhøve på vinteren. Konkurransetilhøvet for Syril vil også bli jamnare samanlikna med motstandarklubbar.

2.5 Levetid

Vinterdrifta kunstgrasbaner vil få redusert levetid samanlikna med baner som ikkje blir vinterdrifta på grunn av brukstid og dei mekaniske påkjenningane som graset blir utsett for ved brøyting og slådding. I tillegg vil ei vinterdrifta kunstgrasbane utan undervarme oftast få større påkjenningar enn ei med undervarme. Generelle erfaringar viser til ei forkorting av levetid på fem år, frå 15 til 10 år.

Erfaringar frå naboklubbar er at levetida i mindre grad blir påverka av brøyting på vinteren, men i større grad av gummigranulat som forsvinn og som gjer at grasfibrane knekk. Vinterdrift krev mannskap med erfaring og opplæring. Erfaring av levetid er ei forkorting på to år, frå 15 til 13 år.

Vinterdrift gjennomført av mannskap som ikkje har tilstrekkeleg erfaring og kompetanse kan påføre bana store skadar. Dette kan vere t.d. vere rivskadar ved at skjæret blir ført ned i kunstdekket og køyrespor ved spinning. Slådding med for mykje sidevegs akselerasjon kan føre til at kunstdekke forflyttar seg. Slådding må difor gjerast etter eit bestemt mønster som varierast og i svært låg fart.

FVD-instruksen punkt 6 presiserer at det ikkje må køyrast med store maskinar/bilar på kunstgraset då dette kan føre til at kunstgraset vert vridd og får skadar på grunn av store punktlaster eller bruk av servostyring.

Vinterdrift og maskinbruk må tilpassast bereevna til bana. Det finnst fleire eksempel på at baner er blitt øydelagt av køyrespor av køyring av for tungt utstyr på baner som er under teleløysing. Vurdering av bana til Syril mtp bæreevne er at det er køyresterke massar. Massane inneheld lite vatn sidan heile bana er dekkja med plastfolie for å sikre at vatnet renn ut i drens-systema på begge langsiden. Men for å vere sikre bør ein unngå bruk av tungt utstyr i varme periodar medan de er frost i bana (teleløysing). Transport av snø bør føregå langs vestre langside der det er pukk /sprengstein under asfaltdekke og drengsgrøfta. Ulempa med ein fast transportveg, er skade på graset. Eit tiltak for å hindre transportskadar kan vere å etablere ei rast med forskalingsflakar.

2.6 Økonomi

Arbeidsgruppa har lagt til grunn delvis vinterdrift i kostnadsestimata. Dersom det er aktuelt med heilårsdrift må ein pårekna meir innsats på mannskap samt innkjøp av ein fres i tillegg.

2.6.1 Utstyr

Delvis vinterdrift av bana krev følgjande driftsutstyr:

- Traktor bør ha eit maksimalt hjultrykk på 0,75 kg/ cm², vekt 1500 – 2500 kg med motorstorleik frå 40 – 70 hk. Det vert anbefalt å utstyre traktoren med plendekk.
- Brøyteskjær med gummiforing
- Slådd og gummimatte
- Sandstrøar eller gyllespreiar; denne kan også nyttast til å spreie granulat utover

2.6.2 Kostnad delvis vinterdrift

Tabell 4 Kostnad delvis vinterdrift

Årskostnad drift av kunstgrasbane Syril stadion		
Ordinær drift	Årleg driftskostnad	Investeringskostnad
Kosting/slodding (20% stilling kommune, overskytande behov og spesielt om vinteren utført på dugnad)	21 000	
Etterfylling gummigranulat (Kvart 5.år men må avsetjast årleg beløp)	18 000	
Rydde bana (Dugnad)	18 000	
Kontrollere skøyter (Uførast av kommune i samband med slodding)	1 200	
Unngå oljelekkasjar		
Fjerne vegetasjon (dugnad)	9 500	
Løysing av gummi (Mindre naudsynt dersom bana blir slodda vekentleg og reinsa årleg)	14 000	
Reinsing av bane (Innkjøp eksternt)	30 000	
Sum	111 700	
Meirkostnad vinterdrift		
Innkjøp snørydding (Innkjøp eksternt)	12 000	
Kosting/slodding (Dugnad)	7 000	
Brøyting (Dugnad)	7 000	
Gummigranulat	20 000	
Salt (CaCl ₂ , 600 kg på runden), kjemikalar	10 000	
Ekstra kontroll fiberhøgd kunstgras (Dugnad)	1 200	
Service/ettersyn traktor/utstyr	2000	

Sum	59 200	
Investeringskostnader		
Traktor med plendekk (John Deere 4066R utan frontløft med front pto)		675 000
Brøyteskjær med gummi		62 000
Sandstrøar		31 000
Slådd		20 000
Sum		788 000
Totalsum	170 900	788 000

Det kan også inngåast leasingavtale for traktor. Terminbeløp 5627,- ved leasing over 7 år med 20% (107.800) kr i forskot. For å få leasing må ein vere registrert i mva registeret, det vil også medføre skattefordelar. Alternativ til leasing er vanleg lån med tryggleik i køyretøyet. Leasingprisar er oppgjeven eksklusiv mva.

Prisane som er innhenta er ikkje rabatterte og oppgitte inklusiv mva. Det vil vere eit grunnlag for ein noko rabattert pris ved innkjøp av traktor og utstyr som ei pakkøløysing. Ved innkjøp av brukt traktor er det innhenta pris på ein John Deere 4520, pris omlag 150.000 +Mva. Dette er ein traktor med hytte, meir prisgunstige alternativ kan ein få ved ein brukt traktor utan hytte.

Eit alternativ til å investere i eigen traktor kan vere å inngå leigekontrakt med aktørar som har aktuell type traktor på Leikanger og som ikkje nyttar denne på vinteren. Driftskostnad vil vere tilsvarende som alternativ ved innkjøp av eigen traktor men det må i tillegg leggst til eit årleg leigebeløp av traktor og ressursar til hjulbyte. Det må også påreknast investering i eige hjulsett med plendekk. Å kjøpe hjul til innleigd traktor kan bli ugunstig sidan hjul må tilpassast den aktuelle traktoren for å få riktig utveksling/forspinn. Ein vil då vere låst med eit hjulsett som berre kan brukast på den aktuelle traktoren som Syril sjølv ikkje eig.

Tabell 5 Kostnad delvis vinterdrift ved leige av traktor

Alternativ med leige liten traktor	Årleg driftskostnad	Investering
Driftskostnader vinter	59 200	
Leigekostnad traktor	30 000	
Ekstra hjulsett/Byte hjulsett	7000	
Brøyteskjær		62 000
Sandstrøar		31 000
Slådd		20 000
Plentraktordekk		62 000
Totalsum	96 200	175 000

3. Leige av andre baner

3.1 Sportsleg

Tradisjonelt har Syril alltid leigd eit varierende tal timar i Sognahallen. Dei siste åra har ein berre leigd enkeltvis timar som har vore ledige, for å unngå å binda seg opp til store kostnader og over ein lang periode, når ein i periodar har fine treningsforhold på Syril stadion. Det har vore eit fåtal timar som har vore leigd, og desse har vore prioritert til senior- og gute/jentelag.

Utfordringa med å tinge enkelttimar er at treningstidene som er ledige er ukurante (eksempelvis seint fredag og søndag kveld) og dette påverkar treningsoppmøtet. For yngre spelarar vil ukurante treningstider vere ytterlegare krevjande. Enkelttimar er vidare lite føreseieleg då ein har ulike treningstidspunkt frå gong til gong. Det er også vanskelegare å tilpasse til andre idrettar som handball og ski for aldersbestemte lag og kan føre til kolliderande treningstider.

Sportsleg er det ynskjeleg med 2-3 økter i veka også gjennom vintermånadane for seniorlaga, men dette let seg vanskeleg gjennomføre grunna kostnad til leige i hallen.

3.2 Økonomi

Kostnader knytt til leige av Sognahallen er (haust 2020) følgjande:

- Halv hall 2150,- for 75 min
- Heil hall 4000,- for 75 min
- Halv hall 1950,- for 75 min (1.jan – 31.mars)
- Heil hall 3600,- for 75 min (1.jan – 31.mars)

Kostnader knytt til leige av Kvåle stadion er (haust 2020) følgjande:

- Halv bane 1850,- for 75 min
- Heil bane 3520,- for 75 min

Kvåle stadion er også mogleg for utleige, men den er vinterstengt i perioden 1. desember til om lag 15. mars og er difor primært vurdert som alternativ i mars og april månad dersom det er dårlege treningstilhøve på Syril stadion.

Eit anna alternativ kan vere den nye kunstgrasbana i Gaupne, men då kjem omsynet til reiseavstand inn. Det er pt ikkje innhenta prisar frå Bjørn IL knytt til leige.

4. Vurdering

4.1 Kostnad

Vinterdrift av bana vil venteleg føra til ei auke i driftskostnader på om lag 60 000 kr. Samanlikna med leigekostnadar på om lag 30 000 kr, alt etter kva leigeavtale ein eventuelt inngår, vil vinterdrift av bana eit dyrare alternativ. Kostnaden vil derimot kunne koma fleire til nytte ved utvida sesong, som t.d. akademi eller andre aktivitetar, samt treningar fleire gongar i veka samanlikna med 75 min i veka. Ei vinterdrifta bane vil også ha eit auka inntekspotensial ved utleige, pris er p.t 1000 kr/t.

Tabell 6 Driftskostnader ulike leigealternativ og vinterdrift Syril stadion

	Kostnad	Kostnad pr spelar
Heil hall frå 15. januar – 28.februar 75 min	24 000	480 (50 spelarar)
Heil hall frå 15. januar – 15.mars 75 min+	36 000	860 (50 spelarar)
Kvåle stadion 15.mars – 31.mars 75 min	7 040	
Heil hall 1.januar – 31.mars 75 min (storkundefordel)	46 800	936 (50 spelarar)
Halv hall 1.januar – 31.mars (storkundefordel)	25 350	845 (30 spelarar)
Vinterdrift	60 000	600 (100 spelarar)

Ei løysing med innkjøp av eigen traktor framstår som meir føremålstenleg og vil kunne nyttast til andre deler av Syril sine anlegg. Noko av det eksisterande utstyret som blir brukt i dag, som slådd, byrjar å nå levetida og ein meir driftseffektiv metode for å få strødd granulat utover vil kunne sikre levetida til bana i større grad. Syril fotball bør uavhengig av denne utgreiinga sjå på rutinar av drift og vedlikehald og om utstyr og metodar, som om slådding med personbil og utlegging av granulat er tilstrekkeleg på kortare og lengre sikt.

Syril stadion har i 2020 fått ein ny idrettsstadion og har eit stort og bra anlegg som på si side kan ha nytte av ein eigen traktor til god drift. Ordningar med spelemidlar kan sjåast på men blir utdelt til fornyingsprosjekt og ikkje til ordinær drift. Syril har siste åra gjort større investeringar knytte til friidrettsstadion og har såleis mindre fleksibilitet til lånefinansiering.

4.2 Mannskap

Dugnadsdrift av vinterdrifta baner er utfordrande sidan god drift er avhengig av gjennomføring på vêrtilhøva sine premissar. For å forhindre at utstyr og anlegg får unødvendig slitasje og skadar må mannskap ha tilstrekkeleg kompetanse. Slitasjen på frivillige kan bli stor og det må avklarast om dette er realistisk å få gjennomført over eit lengre tidsperspektiv før eventuelle investeringar vert gjennomførte.

4.3 Sportsleg

Dei sportslege tilhøva ved å vinterdrifte Syril stadion er i denne samanhengen primært vurdert mot gute-/jente-/seniorlaga men vil i større grad kome fleire til nytte samanlikna med å leige hall då det truleg vil føre til at også lag nedover i aldersklassane startar sesongen tidlegare. Samhandling og konsekvensar for andre idrettsgrupper er ikkje gått nærmare inn på i denne utgreiinga. Vidare vil det for senior/gute-/jente også vere gunstig med moglegheit for fullverdige treningar fleire gongar i veka samanlikna med 75 min i veka i leigd hall.

4.4 Oppsummering og konklusjon

Ei delvis vinterdrifta bane vil gje eit føreseieleg tilbod med gode treningstilhøve som vil koma mange medlemmar til nytte. Det er knytt ein viss risiko til å få skadar og forringe levetida til bana ved å vinterdrifte den og bruke utstyr som ikkje er anbefalt i driftsinstruksen frå Desso. På ei annan side kan det no vere ei moglegheit for å gjere seg opp erfaringar frå vinterdrift som ein kan ta med seg vidare til etablering av nytt kunstgras i framtida. Innkjøp av eigna utstyr kan også bidra til betre drift- og vedlikehald enn løysinga ein har i dag med slådding med bil og mindre eigna utstyr for å spreie granulat som vidare kan føre til at kunstgrasfibrar knekk og som vidare forringar levetida. Investeringskostnaden er vurdert til omlag 300 000 for brukt traktor og utstyr. For å forhindre at utstyr og anlegg får unødvendig slitasje og skadar må mannskap ha tilstrekkeleg kompetanse. Slitasjen på frivillige kan bli stor og det må avklarast om dette er realistisk å få gjennomført over eit lengre tidsperspektiv før eventuelle investeringar vert gjennomførte. Driftskostnadane ved delvis vinterdrift er vurdert til å vere det om lag 60 000 og vil vere høgare enn å leige Storhallen og Kvåle stadion (30 000 – 50 000).

Dersom det ikkje er økonomisk handlingsrom og det ikkje er ressursar i klubben til etablering av vinterdrift er det anbefalt å inngå leigeavtale med Sogndal fotball. Bestilling av treningsareal for perioden januar - mars må vere gjort før 1. desember.

Sjølv om det vil vise seg at det vert gode treningstilhøve på Syril stadion i aktuell periode er det vurdert til at det sportsleg og på lengre sikt er ynskjeleg med ei føreseieleg løysing. Leige av heil hall kan gjere at ein kan samle fleire lag og samordne køyring og andre praktiske utfordringar i tillegg til å bidra som ein sosial faktor.

Det bør vidare sjåast på om eksisterande drift kan utvidast for å sikre lengre sesong i dei periodane som vêrtilhøva tillèt dette.

5. Vidare arbeid

- Dersom det vert beslutta å vinterdrifte kunstgrasbana på Syril stadion anbefalar arbeidsgruppa følgjande punkt for vidare arbeid:
 - utarbeiding av bruks- og driftsplan før vintersesongane for å avklare kva tider bana kan forventast å kunne nyttast og kva som må til for at bana må stengast for drift. Brøyting må gjennomførast rett etter snøfall og det må sikrast at det er tilstrekkeleg med banemannskap som har kompetanse og tilstrekkeleg tid til å drifte bana etter avtalar og driftsinnstruks
 - Utarbeiding/etablering av driftsjournal og oppfølging av denne
 - Avklare eventuelle avtalar frå 2021 med Sogndal kommune om bruk og praktisk drift av bana
 - Samordna innkjøp i fleire kommunar som har kunstgrasbaner, som salt og granulat
 - Testing av acetat for å gjere seg erfaringar frå bruk ved ny bane i framtida
 - Kartlegging/erfaringar frå vinterdrift som ein kan ta med seg vidare til etablering av nytt kunstgras
- Bestilling av treningsareal for perioden januar – mars i Sognahallen må vere gjort før 1.desember
- Reinvestere slodd og gummimatte
- Gjennomgå rutinar og beredskap rundt ordinær drift